



Dykkar referanse:

Vår referanse:

Dato:

30.04.2021

Nytt politihus i Førde og samlokalisering av førstelinje utlendingsforvaltning.

Utlendingsforvaltning i politiet har ein viktig samfunnsfunksjon ved å bidra til ein kontrollert og regulert innvandring til Noreg. Hovudoppgåvene ved våre kontor er å ta imot søknadar om lovleg opphald frå innvandrarak for deretter å saksbehandle desse. Dette er viktige samfunnsfunksjonar vi ønskjer å forvalte på beste måte i deira område, der eit godt fagmiljø er viktig.

I forbindelse med prosessar i 2013 og 2014 knytt til diskusjon om førstelinje utlendingsforvaltning i politiet skulle overførast Utlendingsdirektoratet (UDI), vart det gjennomført ei justering av oppmøtestadar i dei dåverande 27 politidistrikt, med krav om berre eitt oppmøtestad i politidistriktet. I gamle Sogn og Fjordane politidistrikt har dette ikkje vorte gjennomført fullt ut. Dette sistnemnde inneber at førstelinje utlendingsforvaltning i dag er spreidd med 0,5 stilling ved Stadt lensmannskontor, 1 stilling ved Sogndal lensmannskontor, 1, 4 stilling ved Flora politistasjon og 1, 5 stilling i Førde. Med denne organiseringa er utlendingsforvaltning veldig sårbar kva gjeld sjukdom og anna fråvær, samt at fagmiljøet i det daglege blir avgrensa.

I forbindelse med nytt politihus i Førde er det planlagt for samlokalisering av førstelinje utlendingsforvaltning i Førde. Nytt politihus er planlagt klar for innflytting 1.7 2021 og frå det tidspunktet ser vi for oss at også utlendingsforvaltning er samla der. Dette vil diverre medføre noko lengre reiseveg for nokre, men det er ein ambisjon om at tenesta skal bli meir robust med ei forsvarleg saksbehandlingstid, og faglege leveransar av høg kvalitet for alle tenesta innan utlendingsforvaltning, i deira område.

Dersom de ønskjer ytterlegare informasjon eller har spørsmål til denne samlokaliseringsprosessen, kan både Geografisk driftseining Sogn og Fjordane, Arne Johannesen, og leiar for Felles eining for utlending og forvaltning, Trond Sekkingstad, stille til møte for å svare på desse.

Vest politidistrikt

Med helsing

Arne Johannsen

Politiinspektør

Trond Sekkingstad

Politiinspektør

Dokumentet er elektronisk godkjent utan signatur.

Mottakere

Alfred Bjørlo

Anne Kristin Førde

Audun Mo

Gunn Amdal Mongstad

Hallvard Oppedal

Hilmar Høl

Ivar Kvalen

Kjell Eide

Kjetil Høgseth Felde

Leidulf Gloppestad

Ola Teigen

Ole Andre Klausen

Olve Grotle

Per Atle Kjøllesdal

Petter Sortland

Roy Egil Stadheim

Trygve Skjerdal